



Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme

**Ein handlingsplan utarbeida for
kommunane Etne og Vindafjord,**
revidert desember 2023

Innhald	
Korleis skal handlingsplanen brukast?	3
Kva er radikalisering og valdeleg ekstremisme – definisjonar og sentrale omgrep.	4
Bekymringsteikn – kva skal man sjå etter?	5
Moglege risiko- og beskyttande faktorar?	6
Informasjons- og teieplikt, samtykke og plikt til å avverje lovbrot (STRL § 139)	7
Kva gjer man om ein uroar seg for nokon?	7
Privatpersonar/ frivillige lag og organisasjonar	8
Offentlege tilsette/tilsette i fyrstelinja	8
Viktig kontaktinformasjon	10
Lenker til ressursider	10
Kjelder	10



Korleis skal handlingsplanen brukast?

I samarbeid med lokalt politi har kommunane Etne og Vindafjord utarbeidd ein felles handlingsplan om korleis ein kan oppdage, førebygge, møte og følgje opp radikalisering og valdeleg ekstremisme.

Målet for handlingsplanen er at det skal vere eit brukarvenleg oppslagsverk som gir god informasjon om kva ein skal sjå etter og korleis ein skal agere når ein uroar seg for om nokon er i ein radikaliseringsprosess. Det er viktig å notere seg at dersom ein er i tvil, så kontaktar ein personar som kan hjelpe.

Handlingsplanen er tiltenkt tilsette i offentlege tenester, private og offentlege arbeidsgjevarar, leiarar i frivillige lag og

organisasjonar, men og for innbyggjarar elles. Tilsette i kommune og politi har plikt til å førebygge og avverje alvorlege lovbrøt, derunder hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme.

Handlingsplanen inneheld aktuelle definisjonar, omgrep, kontaktpersonar, lenker til relevante nett-stadar og kjelder. Vidare finn du aktuelle bekymringsteikn, risiko og faktorar som beskyttar.

Handlingsplanen er utarbeida av representantar frå kommunane Etne og Vindafjord, i samarbeid med Politiet ved Etne og Vindafjord politistasjon. Handlingsplanen er tilpassa lokale forhold og er vedtatt i politiråd desember 2023 og skal reviderast kvart 3. år.

Kva er radikalisering og valdeleg ekstremisme – definisjonar og sentrale omgrep

Radikalisering	Ein prosess der ein person/gruppe i aukande grad aksepterer bruk av vald som verkemiddel for å nå politiske/ideologiske/religiøse mål.
Valdeleg ekstremisme	Aktiviteten til personar/grupper som er villig til å nytta vald for å nå sine politiske/ideologiske/religiøse mål. Med ekstremisme meinast at ein 1) berre aksepterer eigne meiningar og 2) meiner det er legitimt å ty til vald for å få gjennomslag for meiningane.
Hatkriminalitet	Omgrepet famnar hatefulle og diskriminerande ytringar, men også vald og trugslar, skadeverk, oppfordring til en straffbar handling eller omsynslaus åtferd, som å personforfølge nokon eller krenke nokon sin fred.
Nettekstremisme	Nettekstremisme er radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett. Denne form for ekstremisme består i å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på internett som kan rammast av straffelova. Det er skilnad på hatefulle ytringar og hatkriminalitet. Men av og til fell desse to saman, for eksempel der meining- ar kombinerast med trugsmål.
Radikaliseringssprossar	Variere frå person til person/gruppe til gruppe. Kan førekomme innanfor alle typar livssyn, kulturelle bakgrunnar og politiske retningar. Skjer over kortare eller lengre tid, enten gradvis eller akutt.
Utanforskap	Utanforskap, eller sosial eksklusjon, kan forståast som individuelle og strukturelle mekanismar eller barrierar for deltaking på ulike arenaer. Skilnadar i helse, utfordringar med rus, psykiske lidingar, lav deltaking i fritidsaktivitetar, prestasjonspress, skilnadar i økonomi, samt ulike moglegheiter for å ta utdanning, og å skaffe seg jobb, er eksempel på forhold som kan føre til utanforskap.
Avradikalisering	Ein prosess som kan føre til at ein person i mindre grad aksepterer bruk av vald for å oppnå politiske/ideologiske/religiøse mål.

Bekymringsteikn

– kva skal ein sjå etter?

Utsegn/ytringar	<ul style="list-style-type: none">- Intoleranse for andre sine synspunkt- Fiendebilete – "vi og dei"- Konspirasjonsteoriar- Hat retorikk- Sympati for absolutte løysningar som avskaffing av demokrati o.l.- Legitimerer vald- Truslar om vald for å nå politiske mål
Interesser/ utsjåande/ symbolbruk	<ul style="list-style-type: none">- Appellerer til og søker etter ekstremistisk materiale på internett- Åtferdsending: Endrar utsjåande, klesdrakt, oppførsel osv.- Nyttar symbol knytt til ekstremistiske ideal og/eller organisasjonar- Sluttar på skule/arbeid/fritidsaktivitetar m.m.
Aktivitetar	<ul style="list-style-type: none">- Opptatt av ekstremisme på internett og sosiale media- Deltak på demonstrasjonar og valdelege saman støyt med andre grupper- Brukar truslar og vald som følge av ekstremisme- Hatkriminalitet- Reiseverksemd som kan føre til auka radikalisering og kontakt med ekstremistar
Vener og sosiale nettverk	<ul style="list-style-type: none">- Endrar nettverk/omgangskrins- Omgåst personar/grupper som er kjende for ekstremisme- Omgåst grupper som utøver vald/truslar/ annan kriminell verksemd- Medlem i ekstremistiske grupper/nettverk/organisasjonar

Moglege risiko- og beskyttande faktorar?

	Risikofaktorar	Beskyttande faktorar
Personlege Faktorar	<ul style="list-style-type: none"> - Utanforskap - Marginalisert/diskriminert - Manglar/søkjer tilhøyrse - Skulerelaterte problem - Manglar kunnskap - Traumatiske opplevingar - Søkande etter svar - Individuell sårbarheit - Betraktar seg sjølv som offer - Manglar sjølvkontroll - Blitt krenka eller utsett for kriminalitet 	<ul style="list-style-type: none"> - Reflektert ungdom - Hobbyar eller aktiv i idrett - Meistre skulekvardagen - Robust - Oppleving av å gjera noko meiningsfullt - Sjølvtilitt - Livskvalitet - God helse
Familie-messige Faktorar	<ul style="list-style-type: none"> - Dårleg samspel i familien - Foreldre som slit i foreldrerolla - Sosiale problem i familien - Psykiske problem i familien - Rusmisbruk - Fattigdom eller arbeidsløyse - Vald eller annan omsorgssvikt - Ekstreme sympatiar hos vener, familie eller slekt 	<ul style="list-style-type: none"> - Resurssterk familie - Høg økonomisk status - Støttande foreldre - God kommunikasjon og samspel - Kulturell inkludering
Sosiale Faktorar	<ul style="list-style-type: none"> - Låg sosial status - Manglar/søkjer tilhøyrse - Marginalisert ungdom - Opplevd diskriminering - Negativ påverknad av vener - Liten/ingen deltaking i sosiale fellesskap - Arbeidsledig - Livsstil som omfattar kriminalitet - Utrygt lokalområde 	<ul style="list-style-type: none"> - Positiv påverknad av vener - Er i arbeid - Går på skule - Prososiale vener - Deltaking i storsamfunnet - Deltaking i organiserte eller/og uorganiserte aktivitetar i lokalmiljøet - Trygt lokalområde

Motivasjons Faktorar	<ul style="list-style-type: none"> - Fellesskap - Anerkjennning - Spaning - Søkjer vern - Ekstremistiske forbilde - Føler at religion, kultur, land, nasjon m. m. er under angrep 	<ul style="list-style-type: none"> - Bli møtt med konstruktiv dialog og inkludering - Lytte til genuine bekymringar - Vise genuin omsorg og forståing for ulike faktiske problem - Komme med konstruktive spørsmål som utfordrar ideologien - Individuell inkludering
Ideologiske og Kulturelle Faktorar	<ul style="list-style-type: none"> - Politisk debatt - Kulturell identitet - Misnøye med sosial og økonomisk urettferd - Legitimering og rettferdiggjering av vald for å nå mål - Sympati for absolutte løysningar som avskaffar demokrati - Konspirasjonsteoriar - Polarisierende fiendebilete 	<ul style="list-style-type: none"> - Forståing for demokrati, valfridom, toleranse og respekt for mangfald - Kritisk til kjelder og informasjon - Opplevd fellesskap



Informasjons- og teieplikt, samtykke og plikt til å avverje lovbrøt (STRL § 139)

Avverjeplikta – straffelova § 196

“Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som unnlater gjennom anmeldelse eller på annen måte å søke å avverge en straffbar handling eller følgene av den, på et tidspunkt da dette fortsatt er mulig og det fremstår som sikkert eller mest

sannsynlig at handlingen er eller vil bli begått.”

Denne plikta gjeld òg utan omsyn til teieplikta i enkelte tilfelle, f.eks. terrorhandlingar, ulovleg militær verksemd og grove valdssaker.

Kva gjer ein om ein uroar seg for nokon?

Ved konkrete opplysningar, eventuelt ei magekjensle som gjer at ein er uroa for ein person, drøft uroa med andre som kjenner til personen, for eksempel føresette, lærarar og/eller kollegaer.

Har dei reagert på dei same bekymringsteikn? Deler dei den same oppfatninga som deg?

Di vurdering gir deg svar på om bekymringa er reell eller ikkje. Dersom bekymringa er reell, skal politiet varslast. Politiet skal vurdere korleis ein vidare skal gå fram. Når det gjeld førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme vert det i hovudsak nytta same virkemidlar og metodar som ved vald, rus eller anna kriminalitet.

Privatpersonar/ frivillige lag og organisasjonar

Dersom ein privatperson melder frå til politiet er ein ikkje bunden av teieplikt. Då er det i utgangspunktet ingen grenser for kva som kan

meldast frå om. Er du ein privatperson som er bekymra for ein ven/nabo/kollega e.l. kan du gjere følgjande:

Ta uroa på alvor!

Tenk over kva du er uroa for og ta ansvar for uroa di!

Rådfør deg med fagfolk!

Bruk lokalt politi, alarmtelefonar eller andre fagfolk dersom du framleis føler at du er uroa. Du kan sjølvstilt vere anonym.

Offentlege tilsette/tilsette i fyrstelinja

Offentleg tilsette er i ulik grad bunden av teieplikt. Dersom du er usikker på om du bryt teieplikta, ved å fortelje om din uro, bør du rådføre deg med kollegaer/leiar, og evt. med lokalt politi/PST.

Dersom uroa er drøfta med kollega/leiar må det vurderast om andre etatar

(Barnevern, politi osv.) skal ha bekymringsmelding eller kontaktast for samarbeid. Dersom naudsynt kan bekymringa følgjast opp med ein samtale med den/dei personane ein er bekymra for, og ein kan vurdere relevante førebyggjande tiltak.

	Handling	Ansvarleg
0	Ta uroa på alvor Tenk over kva du er uroleg for og gjer det som trengs for å redusere din eigen uro. Ta ansvar for di uro!	Tilsette
1	Gå i dialog med den det gjeld (eventuelt foreldre) Vær nysgjerrig og spør om kva som ligg bak endringane/utsegn/handlingane/haldningane. «Kartlegg» moglege teikn for uro. Drøft eventuelle bekymringar med kollegaer/leiarar/politi (sjå «Bekymringsteikn» – Kva skal eg sjå etter på s.4)	Tilsette
2	Drøft bekymringa Dersom den unge går på skulen drøfter ein bekymringa med leiinga og eventuelt med dei pedagogiske og faglege ressursane på skulen. Det avtalast kven som har hovudansvaret for å fylje opp bekymringa vidare.	Leiing Skulen Verksemda/eininga Bli-Z ressursgruppe (Etne)
3	Meld bekymringa Skulen/verksemda kan drøfte saken anonymt med barnevern og/eller politi/ PST. Det sendes eventuelt bekymringsmelding til barnevern og/eller politi.	Skulen Verksemda/eininga Barnevern Politi
4	Bekymringssamtale Dersom fleire instansar er bekymra for radikalisering, hatkriminalitet og ekstremisme kan politiet fylje opp med ein bekymringssamtale med den unge og foreldra. Svært alvorlege bekymringar meldes vidare til PST.	Politi Barnevern Føresette
5	Tverrfagleg samarbeid Kven kan fylgje opp/koordinere arbeidet rundt personen? Lag ein plan for å jobbe heilskapleg med personen. (Sjå «Moglege risiko- og beskyttande faktorar» s. 5)	Det skal utpeikast ein koordinator på tvers av avdelingar/einingane Tillitspersonar
6	Oppfølging Oppfølging av tiltaka i planen. Relasjonsbygging og mentor-arbeid for å få hjelp med å finne alternative miljø, religiøs institusjon, jobb skule, bustad, idrett, nye rutinar, nettverk og sosial deltaking. Inkluder føresette i arbeidet.	Alle Mentor/ tillitsperson Føresette
7	Meld bekymringa til PST. Har du framleis ei bekymring meldes saka til PST av det lokale politiet, dersom dette ikkje har blitt gjort tidle-	Politi PST

Viktig kontaktinformasjon

Kontakteiningar med telefonnummer

Eining	Telefonnummer
Etne og Vindafjord politistasjon	51 89 90 00
SLT– Koordinator, Etne	917 79 235
Oppvekstkoordinator, Vindafjord	975 74 954
Etne og Vindafjord barnevernteneste	902 46 359
PST	52 86 80 00

Lenker til ressursider

Handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme

Handlingsplanen ble utgitt våren 2014 og revidert 2020, skildrar aktuelle utfordringar, førebyggingsstrategiar, tiltak og forslag til handtering ved bekymring.

Last ned [Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme](#)

www.radikalisering.no

<http://www.pst.no/blogg/radikalisering/>

<http://utveier.no/>

Kjelder

- Regjeringens Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme,
- Stord, Bømlo og Fitjar kommune, Førebygging av radikalisme og valdeleg ekstremisme.
- Time kommune, Hvordan forebygge radikaliserings og håndtere voldelig ekstremisme i vårt nærmiljø.
- www.politiet.no



POLITIET



SLT

Samordning av lokale
kriminalitetsforebyggende tiltak

Vindafjord Kommune • Etne Kommune